

Saksframlegg

Saksbehandlar: Svein Hågård, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 15/12176-3

Oppnemning av medlemmer til det regionale skatteutvalet i Skatt vest for valperioden 2016 - 2019

[::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓](#)

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Sogn og Fjordane fylkeskommune føretek slik oppnemning til skatteutvalet for Skatt vest:

Nestleiar:

Medlem:

Varamedlem:

[::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑](#)

[... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓](#)

Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:

E-post frå Skatt vest av 18.11.15

Brev frå Skatt vest av 21.03.15

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Frå 2009 vart dei tidlegare kommunale skatteutvala erstatta av eitt regionalt skatteutval for kvart av dei fem skattekontora i landet. Skatteutvala handsamar søknader frå skuldaren om betalingsutsetjing og betalingsnedsetjing.

Skatteutvalet i Skatt vest har ni medlemmer og tre varamedlemmer. Av desse skal Sogn og Fjordane fylkeskommune, v/fylkesutvalet, for den komande perioden oppnemne to medlemmer, inklusiv nestleiar, samt éin varamedlem. Hordaland fylkeskommune skal oppnemne fire medlemmer, inklusiv leiaren, og éin varamedlem. Rogaland fylkeskommune skal oppnemne tre medlemmer og éin varamedlem.

I møte 30.11.11, sak 129/11, gjorde fylkesutvalet slik oppnemning for valperioden 2012 – 2015, som seinare har vorte forlenga til 30. juni 2016:

Medlem: Tore Bråstad, Leirvik

Medlem: Oddveig Birkeland, Førde

Varamedlem: Arnstein Hauståker, Kaupanger

Birkeland og Hauståker hadde dei same posisjonane også i valperioden 2009 – 2011.

2. Vurderingar og konsekvensar

Det gjeld ingen særskilte kvalifikasjonskrav for utvalsmedlemene, men det kan ikkje oppnemnast skatteoppkrevjarar eller personar som er tilsette hjå Skattedirektoratet eller ved skattekontora, jf. likningslova § 2-5. Også tenestemenn i påtalemakta er utelukka frå å gjere teneste i utvalet. Heller ikkje personar som er frådømt røysteretten eller som i løpet av dei siste ti åra er straffa for brot på skattelovgivinga eller som i den same perioden er ilagt tilleggsskatt med meir enn 30 prosent, er valføre.

Fylkesutvalet har høve til å oppnemne personane som vart oppnemnde i 2011, for ein ny periode.

Den årlege godtgjersla er for tida kr 50 000 for nestleiaren og kr 38 000 for medlemmer.

Skatt vest føreset at det nye skatteutvalet skal vere operativt frå 1. juli 2016.

3. Konklusjon

Fylkesrådmannen ber fylkesutvalet oppnemne to medlemmer, mellom dei nestleiaren, og éin varamedlem til skatteutvalet for Skatt vest.

... [Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)